



Byggesaksavdelinga

Referanser:

Dykkar:

Vår:

Saksbehandlar:

Trude Langedal

trude.langedal@lindas.kommune.no

Dato:

03.01.2018

Uttale til dispensasjonssøknad – Bruksendring frå fritidsbustad til bustad for gbnr 141/32 Kvamme nedre

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå krav om utarbeiding av reguleringsplan i samband med søknad om tilbygg og bruksendring frå hytte til heilårsbustad.

Vurdering

Tilkomstvegen til eigedommen ligg med avkøyrsløse frå Fv 404. Fylkesvegen har ikkje tilbod for mjuke trafikantar. Strekninga Fv. 404 Kvamme-til kryss med kommunal veg til Fossevatnet er regulert til 2- felts veg med fortau i reguleringsplan med planID 1263-201112, vedteken i 2016.

Regulering og utbygging av nye bustadområder langs fylkesvegen er sett på vent til vegstrekninga er utbetra med fortau.

Området er eit attraktivt bustadområde med ein del eksisterande fritidseigedommar.

Det er uheldig dersom utviklinga av området skjer gjennom ei rekkje dispensasjonssaker samstundes som fleire reguleringsplanar for nye bustadområder er sett på vent.

Planavdelinga vil ikkje tilrå at det vert gjeve dispensasjon til bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad, endringa vil bidra til auka trafikkbelastinga på fylkesvegen som manglar tilbod for mjuke trafikantar.

Med helsing

Trude Langedal
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



